



## KONTROLLUTVALET FOR MODALEN KOMMUNE

### MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 7. februar 2017  
**Stad:** Formannskapssalen, kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 – 10.45  
**Tilstade:** Knut Moe (leiar), Sigmund Vikane (nestleiar) og Sigrunn Birkeland (vara for Trude Langedal)  
**Innkalla:**  
**Revisjon:** Randi Rykkje og Ragnhild K. Høyland  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** Trude Langedal (medlem)

---

#### **01/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

#### **02/17 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte**

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå sist møte 15.11.16 vart godkjent.

#### **03/17 Skriv og meldingar**

a. Årsrapport for 2016 Nordhordland kemnerkontor, Skatteoppkrevjaren

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

#### **04/17 Oppfølging av sak 34/16: KS vedtak 060/2016 Plan for forvaltningsrevisjon**

Kommunestyret handsama plan for forvaltningsrevisjon i sak 060/2016 på sitt møte 10. november 2016. Det ble gjort slikt vedtak i saka:

Kommunestyret - Sak 060/2016:

**Det er gjort slikt vedtak i saka:**

Kommunestyret ber kontrollutvalet føreta ei ny vurdering av område i framlegget til forvaltningsrevisjon for 2016-2019. Dette på bakgrunn av at Fylkesmannen har varsla nytt tilsyn i 2017 innan Samfunnstryggleik – og beredskapsarbeid til kommunen.

Kontrollutvalet diskuterte plan for forvaltningsrevisjon i møtet 15.11.16 i sak 34/16.

Kontrollutvalet vedtok å følgje opp saka på neste møte der revisjonen legger fram ei vurdering for eit mogleg forvaltningsrevisjonsprosjekt innan kommunen sine satsingsområder i oppvekstsektoren.

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland gjennomgjekk vurderinga for eit mogleg forvaltningsrevisjonsprosjekt i oppvekstsektoren. Det vart særleg peika på:

- Høg ressursforbruk, få voksnes per barn og god plass i barnehagen
- Skule har høg totalundervisning per elev, scorar godt med høge grunnskulepoeng og har gode karakterar
- Spesialundervisning har høg ressursbruk i skulen og Statped Vest har i 2016 gjennomført prosjekt med skulen om bruken av spesialundervisning
- Fylkesmannen har varsla nasjonalt tilsyn på spesialundervisning i løpet av året

Kontrollutvalet diskuterte moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og peika på at oppvekstsektoren er eit viktig området å sjå på mot slutten av perioden. Då er tilsynet frå Fylkesmannen gjennomført og ein kan sjå moglege effektar frå Statped Vest sitt prosjekt.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for god orientering. Kontrollutvalet ønskjer å prioritere følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne perioden:

- Oppvekstsektoren

Fylkesmannen har varsla tilsyn på mellom anna spesialundervisning, og ein anbefaler difor å gjennomføre forvaltningsrevisjonen mot slutten av perioden.

#### **Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Oppvekstsektoren

Fylkesmannen har varsla tilsyn på mellom anna spesialundervisning, og ein anbefaler difor å gjennomføre forvaltningsrevisjonen mot slutten av perioden.

### **05/17 Kontrollutvalet sin årsmelding for 2016**

Saksvedlegg: Utkast til årsmelding 2016

Sekretariatet la fram utkast til kontrollutvalet sin årsmelding for 2016.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok årsmelding for 2016 slik den no ligg føre.

### **06/17 Møteplan for 2017**

Saksvedlegg: Utkast til møteplan for 2017

Kontrollutvalet gjennomgjekk utkast til møteplan for 2017 og kom med framlegg til møtedatoar og saker.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok møteplan for 2017 med møtedatoane: 2. mai, 26. september og 21. november.

**07/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar til møteprotokollane frå politiske utval.

**08/17 Eventuelt**

A. Møteportal for politikarar

**Samrøysta vedtak:**

Kontrollutvalet tok eventuelt til orientering

Neste møtet i kontrollutvalet er 2. mai kl. 09.00.

Modalen, 07.02.2017

  
Knut Moe/leiar

  
Tonje Husum Aarland/sekretær